



Naturvernforbundet i Buskerud

Framlegg til uttale frå årsmøtet i NIB 2024:

Tida for bygging av motorvegar er over Skrinlegg fellesprosjektet – FRE 16

Enorme areal av norsk natur blir bygd ned år for år. Bygging av motorvegar blir, med rette, trukke fram som versting. Miljørørsla har peika på jernbane som eit betre alternativ, men også jernbanebygging fører til miljøproblem, og må derfor også vurderast kritisk.

Ringeriksbanen har ei lang historie. Det var gjort omfattande planprosessar på slutten av 1900-talet. Naturvernforbundet endte med eit forsiktig ja til Åsa-alternativet. Stortinget vedtok også dette alternativet i 2002.

Solberg-regjeringa skrinla Åsa-alternativet og gjekk inn for eit fellesprosjekt med både bane og veg- FRE16. Den nye traseen for jernbane og firefelts motorveg blei planlagt gjennom internasjonalt verna våtmark og over Kroksundet. Våtmarka er viktig som levestad for mange fuglar, og særst viktig rasteplass for tusenvis av fuglar som er på trekk. Firefelts motorveg parallelt med jernbane gjennom dette området vil ha store konsekvensar for fuglelivet, natur og miljø.

Fylkesmannen uttalte i 2018 at” den valde traseen gjennom Ringerike og Hole kjem i konflikt med internasjonalt og nasjonalt viktige natur- og landskapsområde. Planforslaget er i strid med nasjonal miljøpolitikk.”

Planprosessen bak utbygginga har vore dårleg. For alle store utbyggingar skal det gjennomførast ei konseptvalutgreiing. Dette skjedde aldri for E16 og Ringeriksbanen. Det blei aldri gjort ei vurdering av andre alternativ. Bakgrunnen for å bygge veg og bane saman skulle vere effektivisering, men bygging av motorveg parallelt med jernbane fører til meir biltrafikk, og vegen vil vere ein direkte konkurrent til toget.

Då forslag til Nasjonal transportplan (NTP) blei lagt fram i slutten av mars, blei det klart at jernbanen ikkje lenger er med i planen, men motorvegen skal byggast i planlagt trase. Framlegget i NTP gir inga meining, argumentet med effektivisering og innsparing er borte. Bygging av veg vil faktisk gjere bygging av jernbane i ettertid vanskelegare. Regjeringa har uttalt i Hurdalsplattforma at natur skal vere ramma for all politikk. Samferdselsministeren har sagt at det er slutt på bygging av store firefelts motorvegar.

Naturvernforbundet i Buskerud meiner:

- Fellesprosjektet (FRE 16) må bli lagt bort for godt.

- Bergensbanen har akutt behov for oppgradering. Kapasitet og regularitet må aukast ved å bygge fleire krysningspor. Dette kostar relativt lite, gir små naturinngrep, men gir stor vinst.
- Den gamle vegen må brukast vidare med små utbetringar.
- Nye alternativ til Ringeriksbanen må vurderast.